

## Mette Kyed Thorson

---

**Fra:** Jeanette Villanger Håland <jeanettevillanger@hotmail.com>  
**Sendt:** fredag 24. februar 2017 09.15  
**Til:** Mette Kyed Thorson  
**Emne:** VS: Utsleppsløyve

Videresender mailen eg sendte til ordføraren. Som du ser, så var eg sikker på at den var blitt sendt 15.2, men den var blitt liggande i utboksen uten å bli sendt:-)

---

**Fra:** Jeanette Villanger Håland <jeanettevillanger@hotmail.com>  
**Sendt:** 24. februar 2017 09:10:41  
**Til:** jon.askeland@radoy.kommune.no  
**Emne:** Utsleppsløyve

Kjære ordfører!

Eg var sikker på at eg sendte denne mailen til deg 15.2, men eg kan ikkje finna den igjen i utboksen min.

Tusen takk for at du tok deg tida til å kome på besøk og den hjelpa kommunen har vist både før og etter oppstart av barnehagen. Det set me veldig stor pris på.

Eg tykkjer det er viktig for alle partar at me har god kontakt og eit godt forhold med kommunen.

I den samanheng lurar eg på om de politisk kan hjelpa oss med ein sak, som me møter litt utfordringar med hjå administrasjonen.

I vedtaket frå Radøy Kommune med godkjent mellombels bruksendring, datert 12.8.16, har me fått bruksløyve på 6 mnd, grunna eit utsleppsløyve. Dette har me fått utsatt til midten av mars.

Eg forstår at administrasjonen har lovar og reglar å forholde seg til, og forureining er jo eit alvorleg tema.

Eg ser likevel ikkje at bruksendringa vår skapar stor betydning på avløpet, då eg og mine born allereie bur i huset, sambuaren min er vekke på jobb, 6 av dei 8 borna i barnehagen brukar bleie og den tredje ansatte jobbar her 40%.

Eg ser heller ikkje at dette skapar noko presidents for andre i kommunen, då det per i dag ikkje ekisterar noko tilsvarande i kommunen. Den dagen det evt. kjem opp, vil me jo sjølvsagt endre det igjen.

Me ber difor om midlertidig utsettelse på fem år, slik som den mellombelse bruksendringa me allereie har fått.

Det er kostbart med eit reinseanlegg, og sidan dette er eit nyoppstarta prosjekt, blir dette ei stor utgift for oss. Spesielt når ting er i oppstart- og prøvefasen.

Me ser for oss at om desse fem åra med mellombels bruksløyve går fint og etterspurnaden er der, så ynskjer me å utvide. Då føler eg det er svært bortkasta pengar å gå i anskaffelse av eit renseanlegg, om me innan fem år vil byggja nytt (etter dagens krav!), då det er bruksendringa som set krav om reinseanlegg.

Er dette ei sak de politisk kan behandla, slik at me kan få forlenga dispensasjon på utsleppsløyve?

Mvh

Jeanette Villanger Håland